

## Info til reinsjegerar på opplæringsjakt på Ullensvang statsallmenning

Frå det kalenderåret du fyller 16 år og fram til fylte 18 år kan du, dersom du har bestått jegerprøven og skyteprøven for storviltjegerar, delta i opplæring på storviltjakt med våpen. Vilåret er at du har samtykke frå foreldra dine, eller andre føresette, og at du er under **forsvarleg tilsyn** av person som **har fylt 20 år**. Tilsynspersonen må ha drive med jakt, betalt jegeravgift i minst tre år og ha moglegheit til å kontrollere og instruere deg når du er under opplæring.

Under opplæringsjakt skal tilsynspersonen vere i fysisk nærleik av den som er under opplæring, slik at tilsynspersonen har moglegheit til å gripe inn i situasjonar og til ei kvar tid vere tilgjengeleg for spørsmål og rettleiing.

- Opplæringsjakt på storvilt gjeld for personar som frå dette kalenderåret fyller 16 år, fram til fylte 18 år.
- Det er vilkår om bestått jegerprøve og skyteprøve både for jegeren som er under opplæring og den som er tilsynsperson.
- Tilsynspersonen må ha betalt jegeravgift for det aktuelle jaktåret.
- Tilsynspersonen kan bere eige våpen
- Den som er under opplæring kan bere eige våpen.
- Dersom det kun blir nytta eit våpen under opplæringsjakt må begge ha bestått skyteprøve med dette våpenet.
- Ingen må overdra eller overlate skytevåpen, våpendeler eller ammunisjon til person under 18 år med mindre det er for kortvarig bruk under forsvarleg tilsyn.

Ta kontakt med sekretær for fjellstyret, Steinar Lund, på e-post [ullensvang@fjellstyrene.no](mailto:ullensvang@fjellstyrene.no) eller telefon 482 70 778 ved spørsmål om opplæringsjakta.